

Restriksjonar mot koronasmitte

Oppdatert 19.06.20

Helsedirektoratet vedtok 12. mars 2020 omfattande tiltak for å hindra spreiring av Covid-19 (koronaviruset) og for å bidra til å oppretthalda nødvendige helse- og omsorgstenester. Det har vore ei gradvis lette i restriksjonane, og frå 15. juni gjeld det som står under. Bømlo kommune følg statlege vedtak, og har ikkje kommunale vedtak for innbyggjarane i tillegg.

Du finn oppdatert informasjon om gjeldande tiltak her:

<https://helsenorge.no/koronavirus>

Nytt koronavirus – fakta, råd og tiltak, rettleiar frå Folkehelseinstituttet:

<https://www.fhi.no/nettpub/koronavirus/>

Regjeringa si side om koronavirus (Covid-19):

<https://www.regjeringen.no/no/tema/helse-og-omsorg/innsikt/koronavirus/id2692388/>

I tillegg vil Bømlo kommune presisera følgjande:

Personleg hygiene

Alle som oppheld seg i Bømlo skal ivareta god og forsvarleg hand-, hoste- og nysehygiene. Handhelsing, klemming og annan nærkontakt skal avgrensast. Alle føresette og vaksne med ansvar for andre bør jamleg rettleia om personlege hygienetiltak.

Kommunale tenester

Mange kommunale tenester vert framleis gjennomført i redusert omfang. For tenester som byggjer på vedtak, vert omfanget av tenestene avklart med dei det gjeld.

Stengde tenester:

- Fritidsklubbar

Tenester med redusert omfang:

- Barne- og familietenesta - på gruppetilbod
- Legetenesta (alle kontor) - tilnærma normal drift, men folk må ta kontakt på forhånd og gjere avtale.
Det er fortsatt adgangskontroll.
- Dagtilbod for ulike brukargrupper
- Hjelpemiddellager
- Rehabilitering og praktisk bistand

Karantene

Innbyggjarar i Bømlo kommune skal leggja til rette for å kunna vera i karantene i eigen bustad. Dersom du er i karantene skal du ikkje ha nær kontakt med personar utanom eigen husstand. Du kan berre gå ut dersom du kan unngå nær kontakt med andre. Dette betyr at du ikkje kan gå på jobb eller butikk, gjennomføra lengre reiser, eller oppsøkja stader der større grupper med personar oppheld seg.

Isolering

Isolering tyder at personen oppheld seg i eigen heim eller annan eigna opphaldsstad. Personen skal vera isolert frå andre personar, og ikkje ha nær kontakt med personar i same husstand så langt det er mogeleg.

Arrangement

Frå 15. juni er det tillatt med arrangement på offentleg stad for inntil 200 personar. Bømlo kommune minner om reglane for gjennomføring av arrangement.

Kyrkja

15. juni vart det opning for gudsteneste og gravferder med inntil 200 personar i kyrkjene våre. Dette med føresetnad om at 1 meters avstandsregel kan oppretthaldast. For å overhalda 1-metersregelen kan det maksimalt vera 200 i Bremnes kyrkje, 150 i Bømlo kyrkje, 100 i Moster kyrkje og 50 i Lykling. Frå myndigheitene er det gjennom Covid-19-forskriftens §13 krav om oversikt over deltakarar.

Gravferd

Når det gjeld gravferder er det framleis deltakarliste som vert gjeldande, men lista vil kunne utvidast av nærmaste pårørende til å gjelde 200 personar mot tidlegare 50. Dei nye maktgrensene for dei ulike kyrkjene vil også gjelde for gravferd.

Vigslar og dåp

Når det gjeld vigslar og dåp så er det maks-talet for besøkjande i kyrkjene som avgjer kor mange ein kan vera.

Besøk til sårbare grupper

Det er frå 27. mai ikkje besøksforbod, men eigne reglar for besøk på institusjonane i Bømlo. Dette gjeld Bømlo omsorgstun, Teiglandshagen og Bømlo bu- og helsesenter.